

Voss 11.08.18

Kort rapport ang NM junior og NM damer – Voss 2018.08.11

Underteikna har lest igjennom og er innforstått med avtale mellom NSF og arrangør. Underskrift avtale sendt som vedlegg.

Vi arbeidar no kontinuerleg med utbetring av anlegg . Bavallen full rehabilitering tiløp , avsatser, vant etter snøras vinteren 2015.

Hittil nedlagt 580 dugnadstimer – Alt øydelagt i tilløp er nå fjerna. Nye materialar for trekonstruksjon er på plass. Arbeid med trekonstruksjon er tildelt etter anbod og dette arbeidet starter nå 13.08. Isspor – top speed – frå leverandør Mana er bestilt og kjem til bakken 06.09. Montering legging av sporet starter 07.09. Berekna arbeidstid 9 dagar frå d.d. Vidare arbeid i Bavallen er rehabilitering av tautrekk, rep av vant rundt hesteskoen.

Organisasjonskomiteen var nesten klar, men brått dødsfall av tilspurd leiar gjer at vi pr no har 3 menn : Lars M Bystøl, Odd Rolland og underteikna. Vi har og fått med 3 unge damer 18-20 år . Vi ynskjer primært like mange menn / damer i komiteen – totalt 7 medlemmer. Arenaer – Voss ski og tursenter jr NM og Tunåsen – Dalande skisenter NM damer, er tilspurde og bekrefta i orden med leige av desse. Arbeidar med kvinneleg nestleiar i org komiteen.

Primært ynskjer me å få med oss unge som arrangørar , la dei få erfaring, opplæring som assistentar, medhjelparar , hjelpa til med sosialt samvær, musikkvalg, seremoni og premieutdeling , bevertning m.m. Vi har starta arbeidet med innkvartering m.a med Bavallstunet som ligg kloss ved Bavallen hoppbakke. Fullt trøkk i organisasjonskomiteen startar i sept – då vi i Vestlandske skistemne er tett involvert i Bavallen no. Rennleiarar , teknisk sjef , speaker er nesten i boks. Skal vi , eller NSF leggja ut datoar – arenaer i Sportsadm ?

Har NSF tilskotsmidlar til utstyr - ?

Heimeside blir jobba med – skal på plass tidleg i sept.

Med ønske om godt samarbeid !

Magne Sørestrand , leiar org komite.

